



# Plan for førebyggjande arbeid mot omsorgssvikt og åtferdsproblem hjå barn og unge i Vestnes kommune 2024-2026

Plana blei vedtatt av kommunestyret 20.06.2024 i sak PS-46/24



Vestnes  
kommune



midt i blinken

## Innhald

### 1. Innleiing

- 1.1 Bakgrunn og mål
- 1.2 Overordna mål for Vestnes kommune
- 1.3 Prosess
- 1.4 Nasjonale føringer
  - 1.4.1 Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.
  - 1.4.2 Oppfølgingsordninga
  - 1.4.3 «Barn og Unges helsetenester»
  - 1.4.4 Andre tiltak som kan påvirke dette arbeidet

### 2. Førebygging og tverrfagleg samarbeid

- 2.1 Førebygging
- 2.2 Samarbeid mellom sektorane

### 3. Kva for tiltak har vi i Vestnes kommune knytt til dei ulike nivåa i tiltakspyramiden

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn og mål

Plan for førebyggande arbeid mot omsorgssvikt og åtferdsproblem skal beskrive kommunen sitt førebyggande arbeid på området, og skal synleggjere mål og samordning av tenestetilbodet til gravide, barn, unge og deira føresette slik at kommunen i større grad kan sikre innbyggjarane rett hjelp til rett tid og på rett nivå.

Førebyggande arbeid tek sikte på å utvikle tiltak som kan føre til reduksjon i sjukdom, skade, sosiale problem og risikotilhøve. Planen er avgrensa til å gjelde tiltak retta mot omsorgssvikt og åtferdsproblem, og er ikkje ei oversikt over alt førebyggande arbeid i Vestnes kommune.

Planen er dynamisk og ein del av kommunen sitt utviklingsarbeid.

Barnevernreforma, som og blir kalla oppvekstreforma, tredde i kraft 1. januar 2022. Kommunane har fått auka fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet. Det overordna målet med reforma er eit betre barnevern, der tenestetilbodet skal kunne bli tilpassa lokale behov.

Intensjonen med barnevernreforma frå staten si side er å gje kommunane incentiver og moglegheiter til meir førebygging og meir samarbeid på tvers av tenestene. Sjølv om reforma først og fremst regulerer barnevernet, er det semje om at måla best kan bli nådd gjennom endringar i heile oppvekstsektoren.

### Mål med barnevernsreforma

- Kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging.
- Hjelpa skal bli betre tilpassa barn og familiene sine behov.
- Rettstryggleiken til barn og familiar skal bli godt vareteke.
- Ressursbruken og oppgåveløysinga i barnevernet skal bli meir effektiv.

Grunnpilarane i reforma er førebygging og tidleg innsats; heilsakleg tenestetilbod; samarbeid på tvers av sektorar; kommunal styring og samarbeid på tvers av kommunar.

Førebygging og tidleg innsats skjer på ulike nivå:

- Universelle tiltak, tiltak for alle
- Selekteerte tiltak, tiltak for nokre
- Indikerte tiltak, tiltak for få.

### Vestnes kommune sitt ansvar blir slått fast i barnevernlova sin § 15-1 «Kommunens ansvar for å forebygge omsorgssvikt» :

«Kommunen skal fremme gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsettes for omsorgssvikt eller utvikler åtferdsproblemer. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tjenestetilbod til barn og familier.

Kommunestyret selv skal vedta en plan for kommunens forebyggende arbeid etter første ledd. Planen skal beskrive hva som er målene for arbeidet, hvordan arbeidet skal organiseres og fordeles mellom etatene i kommunen, og hvordan etatene skal samarbeide.»

## 1.2 Overordna mål for Vestnes kommune


Eitt av måla med barnevernreforma/oppvekstreforma er at kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging i heile oppvekstsektoren. I tillegg til familien er barnehagen og skulen hovudarena for barna sin oppvekst. Målsettingar i barnehage og skule legg vekt på at barn og unge i Vestnes kommune skal oppleve inkluderande barnehage- og skolemiljø som vektlegg trivsel, omsorg, leik og læring. I gode oppvekstvilkår vil vi og finne eit godt utval av fritidsaktivitetar for barn og unge, og kommunen må samarbeide med frivillige lag og organisasjonar for å oppretthalde og utvikle eit variert aktivitetstilbod.

Foreldra er oftast dei beste til å ta vare på barna sine behov for tilhørsle, tryggleik, meistring og utvikling. Førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar handlar i stor grad om familiestøtte. Oppvekstreforma legg opp til at kommunen skal tillegare inn med tiltak utanfor barnevernet.

## 1.3 Prosess

For å imøtekome intensjonane og måla med barnevernreforma har det vore gjennomført eit forprosjekt med deltaking frå dei tre kommunane som inngår i det interkommunale barnevernssamarbeidet Aukra, Vestnes og Molde. I tillegg til styringsgruppe og arbeidsgruppe knytt til prosjektet blei det oppretta ei kommunal arbeidsgruppe på tvers av sektorar. Den kommunale arbeidsgruppa har kartlagt kva tiltak vi har i Vestnes kommune og kor desse er lokalisert. Ein har då sett på tiltak knytt til dei ulike nivåa i tiltakspyramiden.

Figuren nedenfor gir en oversikt over ulike foreldrestøttende tiltak og hvilket forebyggende nivå tiltakene primært tilhører.



I eit tverrfagleg perspektiv er fokuset på kva gjer vi når det oppstår bekymring og uro, og korleis identifiserer vi barn og unge i målgruppa til oppvekstreforma.

Det var i høve mandatet i forprosjektet viktig å kartlegge kva tenester vi har når bekymring/uro oppstår, når det er oppdaga behov for tiltak utover det universelle nivå, det betyr først og fremst tiltak på det selektive (gult) nivå i kommunen.

Oppvekstreforma er breitt forankra i kommunen. Vi ser at vi har ein del unge som bevegar seg med utfordringar som ligg i grenseskiljet mellom skule og heim, og at kommunen sett inn mange sektorvise tiltak som bør bli samkjørt på ein betre måte. Vi har jobba med ein «vi kultur» der ein samarbeider om ansvaret i staden for å flytte på ansvaret. Det å ha felles forståing internt på kva omgrep tidleg innsats er, og kva er meint med tidleg inn, er og noko vi har jobba med.

#### **Forslag til prioritert tiltaksliste:**

- Miljørettleiarar i skulen.
- Tverrfagleg utøvande team som kan arbeide i grenseskiljet skule/heim/fritid.
- Systemtiltak opp mot friviligsektor.
- Kompetanseheving knytt til autismespekte, skulevegring, vald i nære relasjoner, spiseforstyrring og alvorlig adferdsproblematikk.
- Kulturygging: «Våre felles barn»

Vi ser vidare at oppvekstreforma må sjåast i samanheng med kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, prosjektet barn og unge sine helsetenester i Møre og Romsdal, og oppfølgingsordninga via Utdanningsdirektoratet som Vestnes kommune er ein del av.

#### **Utfordringsbilde:**

I utarbeiding av utfordringsbildet har vi i størst mogleg grad nytta tilgjengeleg statistikk. Medverknad frå leiarar i barnehage, skule og helse har vore viktig, i tillegg til at kommunen har etablert eit tverrfagleg fora “laga kring barna” bestående av kompetanse på tvers av sektorane. Vi har også sett på anna kommunalt planverk.

### **1.4 Nasjonale føringar og strategiar**

Det er mange pågående prosjekt knytt til førebygging og tverrfagleg innsats for barn og unge. Alle satsingane og prosjekta handlar mykje om det same, og er knytt opp mot tverrfagleg samarbeid og laga kring barnet. Vestnes kommune har sett i gang arbeidet med å bygge ein struktur og ei god forankring knytt til tverrfagleg samarbeid kring barn og unge i kommunen slik at barn og familiar skal få riktig og heilskapleg hjelp til rett tid.

I tillegg til Barnevernsreforma/oppvekstreforma er det fleire nasjonale føringar, strategiar og prosjekt som får betydning for dette arbeidet. Vestnes kommune ønskjer å sjå alle desse satsingane i samanheng.

#### 1.4.1 Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Prosjektet bygg på Vestnes kommune sin søknad om midlar frå Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Prosjektet tek mål av seg til å lage ein god struktur med tanke på det tverrfaglege samarbeidet knytt til det utvida laget kring barnet. Prosjektet skal sikre ei god forankring i heile kommuneorganisasjonen der barn og familiarar får riktig og heilskapleg hjelp til rett tid».

Erfaringa i Vestnes er at ein klarer å gi god hjelp når situasjonen er oversiktleg. Når situasjonen er kompleks, viser det seg at det oppstår utfordringar i høve kven som gjer kva til kva tid. Det ser og ut å mangle eit «felles språk» mellom dei involverte profesjonane. Vidare viser ei kartlegging at skulane og barnehagane i kommunen har mangefull kompetanse knytt til åtferdsproblematikk.

Særlege og relevante kjenneteikn ved Vestnes er mellom anna eit fleirkulturelt samfunn skapt av både arbeidsinnvandrarar og flyktningar. Mange av arbeidsinnvandrarane kjem frå Polen, medan flyktningane i hovudsak kjem frå Syria, Afghanistan, Kongo og Ukraina. Vestnes er vidare eit industrisamfunn, det er stor nedgang i fødselstal, og det er mange barn som vert melt opp til BUP.

I prosjektet har det blitt kartlagt, analysert og laga ein rapport om korleis sentrale profesjonsutøvarar i skular, barnehagar, helsestasjon/psykisk helse, flyktning tenesta, barnevern og PP-tenesta forstår problematikkar knytt til det å gi barn og familiarar rett og heilskapleg hjelp til rett tid.

Det har vore gjennomført ei samling med deltakarar frå både leiarnivå og operativt nivå der ein har arbeidd med det som kom fram i rapporten.

Vidare har det vore gjennomført ei fagsamling for målgruppa med anerkjenning som tema, og det er planlagt ny samling der teieplikt skal vere tema. Dette skjer i partnarskap med Høgskulen i Volda.

#### 1.4.2 Utdanningsdirektoratet si oppfølgingsordning

Vestnes kommune fekk i 2022 tilbod frå Utdanningsdirektoratet og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal om å delta i oppfølgingsordninga. Uttrekket til oppfølgingsordninga baserer seg på resultat frå elevundersøkinga på 7. og 10.trinn knytt til mobbing, støtte frå lærar og motivasjon. Det er og basert på andel elevar på meistringsnivå 1 på nasjonale prøver på 5. og 8.trinn i lesing og rekning, samt grunnskulepoeng etter 10.trinn. Tala er frå 2018-2019, 2019-2020 og 2020-2021.

Innsatsperioden er over tre år og er delt i to fasar; for fase og gjennomføringsfase. I for fasen fekk vi tildelt to eksterne rettleiarar.

Målet med oppfølgingsordninga er at kommunar som inngår i ordninga skal få styrka kapasitet og kompetanse til å analysere eigen kvalitetstilstand, og til å sette inn riktige tiltak for å skape betre læring og trivsel.

Overordna mål for all kvalitetsutvikling i kommunen er sektormåla i barnehage og skule:

Sektormål for barnehagen:

- Alle skal ha eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø.
- Barn som treng hjelp, skal få det tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt.
- Dei tilsette i kunnskapssektoren skal ha høg kompetanse.
- Alle skal ha god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet

Sektormål for grunnopplæringa:

- Alle skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Barn og unge som treng hjelp, skal få det tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt.
- Dei tilsette i kunnskapssektoren skal ha høg kompetanse.
- Alle skal lykkast i opplæringa og utdanninga.

Innhaldsmåla som står i oppfølgingstiltaket er at Vestnes kommunen skal

- Utvikle kvaliteten på språkarbeidet i barnehagen og lese- og skriveopplæringa i kommunen.
- Styrke barnehage- og skuleleiarane i å leie det lærande profesjonsfellesskapet.
- Sikre ein raud tråd i kvalitetsvurderinga frå barnehage til grunnskule.

For å nå målet med å utvikle kvaliteten på språkarbeidet i barnehagen, og lese- og skriveopplæringa i skulen er det sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide med å utvikle ein språkplan. Arbeidsgruppa består av leiarar og pedagogar på tvers av barnehage og skule, representantar frå PPT og bibliotek.

Målet er å utarbeid ein digital språkplan frå 0-16 år. Skrivesenteret ved NTNU i Trondheim og Nynorskcenteret ved Høgskulen i Volda støttar gruppa i prosessen. Planen bygg på læreplan for grunnskulen, rammeplan for barnehagar, erfaringar og forsking på fagfeltet.

I målet om å styrke barnehage- og skuleleiarane i å leie det lærande profesjonsfellesskapet, blir dette sett i samanheng med mellom anna implementering av språkplanen. Korleis gjere leiarane i stand til å drive utviklingsarbeid i barnehage og skule.

Vestnes kommune har i samarbeid med Høgskulen i Volda lagt opp eit arbeid over tre semester der vi lokalt arrangerer eit kurs/studium for å gje leiarane kompetanse til å leie dette forankrings-/implementerings arbeidet. Leiarar frå alle sektorar er inviterte med og det er mogleg å ta 15 studiepoeng for dei som ønskjer.

Knytt til det tredje målet skal det vidareutviklast og institusjonaliserast eit kvalitetsvurderingssystem for barnehage og skule. Systemet skal bygge på opplæringslova §13-3e og kap. 7 i Rammeplan for barnehagen. Eit av tiltaka her er å sikre kvaliteten i språkopplæring og lese-skriveopplæringa i kommunen.

#### [1.4.3. «Barn og Unges helsetenester»](#)

I 2021 starta Helse Møre og Romsdal samarbeidsprosjektet *Barn og unges helseteneste i Møre og Romsdal*, eit samarbeid mellom dei 26 kommunane i Møre og Romsdal og Psykisk helsevern for barn og unge i Helse Møre og Romsdal. Det blei jobba med ei kartlegging opp mot forløp som Helse Fonna hadde utarbeidd for å sjå om «kart og terreng» stemde hos oss.

Verktøyet er først og fremst laga for at fagfolk skal klare å gi barn og ungdom eit samanhengande hjelpetilbod, men ein finn også informasjon for barn, ungdom og føresette om kor ein kan få hjelp.

#### [Barn og unges helseteneste - Helse Møre og Romsdal \(helse-mr.no\)](#)

Satsinga barn og unge sine helseteneste består av sju samhandlingsforløp for dei vanlegaste psykiske plagene hjå barn og unge. Forløpa fungerer som eit kart over tenestene og skal gje brukarar og fagpersonar betre oversikt over ansvarsområder og roller.

Dei sju samhandlingsforløpa:

- Angst og bekymring hos barn og ungdom
- Autismespekterforstyrring hos barn og ungdom
- Bekymring for barn 0-3 år
- Kroppsleg uro og merksemdvanskår hos barn og ungdom
- Spisevanskår og spiseforstyrningar hos barn og ungdom
- Triste følelsar og depresjonsplagar hos barn og ungdom
- Vald, overgrep og omsorgssvikt.

Innanfor kvart av desse forløpa blir det vist til «Kven gjer kva» av

- Fastlege
- Helsestasjon og skulehelsetenesta
- Barnehage
- Skule
- Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)
- Kommunale psykiske helsetenester for barn og unge
- Fysio-ergoterapiteneste
- Barnevernteneste
- Koordinerande eining (Eining for...)
- Psykisk helsevern for barn og unge (BUP)

Vi ønsker å sjå desse pågående arbeida i samanheng. Det er viktig at det ikkje berre blir prosjekt som går over, men at dei kan leie til varig endring i strukturar og samarbeid. Vi må sette leirane i stand til å utvikle nye tankesett i dei utvida laga rundt barnet. Det krev fagleg påfyll og arenaer for samhandling.

#### 1.4.4. Andre tiltak som kan påvirke dette arbeidet:

- Endra velferdslovgjeving.
- Handlingsplan mot vald i nære relasjonar.
- Retningsliner for tidleg oppdaging av utsette barn og unge.
- Prop. 121 S (2018-2019) Opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse (2019-2024)
- «Mestre hele livet» Regjeringens strategi for psykisk helse (2017-2022)
- «Frihet for vold» regjeringens handlingsplan for å førebygge vald i nære relasjonar (2021-2024)
- «Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold» handlingsplan for 2021-2024
- Meld. St. 23.( 2022- 2023) Opptrappingsplan for psykisk helse( 2022- 2033) Meld. St. 23 (2022-2023) - regjeringen.no .
- Psykisk helsearbeid barn og unge - Helsedirektoratet Ny okt. 23.
- [/www.helsedirektoratet.no/nyheter/endringer-i-velferdstjenestelovgivningen-samarbeid-samordning-og-barnekoordinator](http://www.helsedirektoratet.no/nyheter/endringer-i-velferdstjenestelovgivningen-samarbeid-samordning-og-barnekoordinator)

## 2 Førebygging og tverrfagleg samarbeid

### 2.1 Førebygging

I Vestnes kommune skal vi ha kunnskap om utfordringsbiletet samstundes som tiltaka skal rette seg mot det vi vil ha meir av, gjere betre eller annleis. Fordeling av oppgåver og gjennomføring av oppgåver for å nå felles mål, er kjernen i samskaping. Skal vi lukkast med intensjonane i oppvekstreforma, må vi samskape på tvers av tenestene og vere villige til å sjå forbi den tradisjonelle sektorinndelinga, og korleis vi kan utvikle samarbeidet med frivilligheita, lag og organisasjonar.

### 2.2 Samarbeid mellom sektorane.

For å sikre heilskaplege og koordinerte løysingar treng vi både strukturar for samhandling, felles forståing og god praksis i tverrfagleg samarbeid. Rolleforståing, deling av kunnskap, og gjensidig respekt hos leiarar og myndiggjorte medarbeidarar er grunnleggande for å finne hensiktsmessige løysnigar på tvers. Det er også viktig at ein er kjent med handlingsrommet innanfor teieplikta i dei ulike lovverka.


Kommunen er i prosess med å vurdere ulike modeller for samhandling på systemnivå, og å utvikle nødvendige samarbeidsformer. På fleire områder er det utvikla rutiner, årshjul og samarbeidsavtaler som skal ta i vare systematisert samarbeid. Familiar som har behov for langvarige og koordinerte tenester på grunn av at barnet har alvorleg sjukdom, skade eller funksjonsnedsetting kan ha rett på individuell plan og barnekoordinator. Individuell plan skal vere eit dynamisk verktøy og oppdaterast jammleg. Barnekoordinator har ansvar for samordning av tenestene til barnet. Hensikta er å sikre at det er ein tenesteyter som har hovedansvaret for oppfølging og at barnet får eit heilskapleg og godt tilbod.

## 3 Kunnskapsgrunnlag for barn og unge i Vestnes

- Oppvekstprofil, FHI.
- Oppvekstbarometeret.
- Levekår.
- Barnehage og skule.
- Fritid og nærmiljø.
- Helse og helseatferd.
- Diverse planer i dei ulike sektorane.
- Ung Data, KORUS
- Folkehelseprofil, FH

#### 4. Kva for tiltak har vi i Vestnes kommune knytt til dei ulike nivåa i tiltakspyramiden.

Vestnes kommune skal ha eit breitt utval av tiltak. I tabellen under er tiltaka sortert og fargekoda for å synleggjere hierarkiet av tiltak. Ei slik liste vil vere i kontinuerleg endring, lista er difor ikkje uttømande.



##### Bra for alle: universell førebygging (grønt nivå):

Universell førebygging er tiltak som er retta mot heile befolkninga, eller alle i ei gruppe, til dømes i ein barnehage, uavhengig av om barna er særleg risiko utsette eller ikkje. Helsefremjande aktivitetar som bidreg til å styrke folkehelsa prega arbeidet på dette nivået, samt foreldreinvolvering. Læringsprogram- og antimobbe kampanjar i skulen er dømer på universell førebygging. Andre dømer er skulehelseteneste og god tilrettelegging for fysisk aktivitet i kvarldagen. Ungdomsklubbar, kultur- og idrettsaktivitetar er andre dømer.

Tiltak	Beskriving/Målgruppe	Ansvarleg
Svangerskapsomsorg	Målgruppa er gravide, partnar og familie. Alle gravide som ønskjer det får time hos jordmor. Basisprogrammet for friske gravide har tilbod om ni konsultasjonar. Jordmor og fastlege er primære ansvarspersonar for tenesta i eit tverrfagleg samarbeid med anna helse- og omsorgspersonell. Den gravide kan vel om ho ønskjer å gå til fastlege eller jordmor.	Helsestasjon

<b>Barselomsorga</b>	Alle kvinner får tilbod om heimebesøk av jordmor 1-2 døgn etter heimreise Det blir gitt rettleiing på amming etter behov og tilbod om ekstra heimebesøk om nødvendig. Jordmor følgjer opp mor og barn til helsejukepleiar tek over.	
<b>Helsestasjonsprogram</b>	Målgruppe 0-5 år Tenesta har ikkje eit ansvar for utredning, diagnostisering og behandling, men ansvar for helsefremjande og førebyggjande arbeid. Dette inneber: Helseopplysing, rettleiing, helseundersøkingar etter eit standardisert forløp med i alt 14 kontaktar mellom 0-2 år. Oppfølging av spe- og småbarn med spesielle behov Oppfølging av foreldre med behov for utvida støtte. Rutine Trygg Start 0-2 år Gjennom helseamtalar kartlegge eventuelle behov, problem og ressursar som brukaren har, samt bistå brukar med å hjelpe til å føreta valg. Tenesta har ein sentral funksjon i å fange opp tidlege signal på mistriksel og utviklingsavvik.	<b>Helsestasjon</b>
<b>COS-P</b>	Tilbod om oreldrestøttande rettleiingskurs	<b>Helsestasjon</b>
<b>Skulehelseteneste i grunn- og vidaregåande skule</b>	Målgruppe 5-20 år Gjennomføring av skulestartundersøking ved 6 år. Veging og måling i 3. og 8. kl. Helseamtalar 8. kl. Gjennomføring av treffetider – eleven sitt lavterskelttilbud- etter fast oppset ved alle grunnskulane og vg.skule. Gjennomføring av vaksinasjon i grunnskule samt tilbud om Meningokokk vaksinasjon vg. skule Pubertetsundervisning 6 kl. Samlivsundervisning 9 kl. Deltaking på foreldremøte i 1. og 8. kl. Tverrfagleg skuleteam.	<b>Helsestasjon</b>
<b>Helsestasjon for ungdom</b>	Målgruppe 13 – 20 år Eit supplement til skulehelsetenesta Frekvens; 2 timer kvar veke frå kl. 15.00- 17.00 med helsejukepleiar og lege, der sistnemnte har 1 time /veke Er stengt i alle feriar.	<b>Helsestasjon</b>
<b>Barnehage</b>	Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ta i vare barna sine behov for omsorg og leik, fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggande funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller (Barnehagelova § 1 og §2)	Barnehage
<b>Plan for arbeidet med eit godt psykososialt miljø i barnehagane.</b>	Forpliktande plan for kommunale og private barnehagar for arbeidet med å førebygge ,hindre og gripe inn når barn ikkje har ein god barnehagekvardag. Inkl. aktivitetsplikta.	<b>Barnehage</b>

	(Barnehagelova § 41 og 41)	
<b>Skule</b>	<p>Å sikra trivselen, utviklinga og læringsmiljøet til elevane er det viktigaste målet for teneste skule. I overordna del av læreplanen (LK20) står det: Skulen skal leggja til rette for læring for alle elevar og stimulera motivasjonen til den enkelte, lærelyst og tru på eiga meistring.</p> <p>Vestnesskulane jobbar aktivt når det gjeld å leggja til rette for eit trygt og godt skolemiljø for alle elevar</p>	<b>Skule</b>
<b>Plan for trygt og godt skolemiljø</b>	<p>Vestnesskulane har utarbeidd ein plan for eit trygt og godt skolemiljø i Vestnes. Planen er eit verkty for alle skular i arbeidet med å førebyggje og forhindre krenkjande ord og handlingar.</p> <p>Planen viser korleis skulane arbeider systematisk med det psykososiale miljøet, korleis dei tilsette blir styrkte i arbeidet mot mobbing og kva rutinar skulen har i arbeidet med å førebyggje mobbing, følgje med og fange opp, gripe direkte inn, kartleggje, sette inn tiltak og evaluere. Me bruker "Livet og sånn" som eit gjennomgåande verkty.</p>	<b>Skule</b>
<b>Språkplan for barnehage og skule</b>	Digital plan for å synleggjere og forplikte korleis Vestnes kommune jobbar med språkarbeid i barnehage og lese-skrive opplæring i skule, og samanhengen i dette arbeidet frå 0-16 år.	<b>Oppvekst</b>
<b>Foreldremøter</b>	Barnehage og skule gjennomfører foreldremøter for å informere/rettleie foreldra i aktuelle tema. Ulike faggrupper kan bidra inn.	<b>Barnehage og skule</b>
<b>Foreldresamtalar</b>	Barnehage og skule gjennomfører foreldresamtalar /utviklingssamtalar med foreldre og barn/elevar.	<b>Barnehage og skule</b>
<b>SFO</b>	Alle Barneskulane har eit SFO-tilbod. Gratis kjernetid (12t) for 1., 2. og frå hausten og 3. klasse.	<b>Skule</b>
<b>Overgang frå barnehage til skule</b>	Kommunal overordna plan for overgangen, i tillegg til lokale planer knytt til den enkelte barnehage og skule.	<b>Barnehage og skule</b>
<b>PPT</b>	<p>PPT skal vera tett på barnehagar og skular for å bidra til betre kvalitet både på det ordinære og det spesialpedagogiske tilbodet.</p> <p>PPT skal bidra til å i større grad førebyggje og tilpasse tilboda til mangfaldet i barne- og elevgruppa. PPT har oppretta kontaktpersonar for PP/Logoped i alle skular og barnehagar,</p>	<b>Oppvekst</b>

	både private og kommunale.	
<b>BUA</b>	Udstyrsentralen inneholder det meste for å vere aktiv heile året. Alle kan låne utstyr for ei veke i gongen.	<b>Kultur/ frivilligsentral</b>
<b>SMUD</b>	Gratis tilbod for alle ungdommar i kommunen. 8.klasse-18 år. Består av ungdomsklubb, test ein aktivitet, teknolabb, studio/testlabb og temakveldar. Open kvar torsdag 18-21.	<b>Kultur/ frivilligsentral</b>
<b>Meldeplakat til barnevernet</b>	Utarbeidd rutine for meldefasa for dei fleste einingane.	<b>Einigane og barnevern</b>

**Nyttig for nokon: selektiv førebygging (gult nivå):** Med selektiv førebygging blir tiltak sett inn i grupper eller individ der det er ein kjent eller høg risiko for å utvikle problem. Tiltaka skal motvirke negativ utvikling hjå barn og unge og deira familiarer. Risikofaktorane er avdekka, og det er behov for auka tverrfagleg innsats og samarbeid for å avhjelpe situasjonen. Målgruppa er der det føreligg risikofaktorar som gjer at tiltak på grønt nivå ikkje er tilstrekkeleg. Dømer på tiltak på gult nivå: Kurstilbod, tilbod om foreldrestøtte, forsterka helsestasjon, samarbeidsmøter og rettleiing. Ved tiltak på gult nivå skal foreldre, samt tilsette på den arenaen som barnet oppheld seg til dagleg (barnehage eller skule) bli involvert.

Tiltak	Beskriving/Målgruppe	Ansvarleg
«Trygg start 0-2 år»	Rutine der målgruppa er gravide og familiarer med sped- og småbarn ( 0-2 år), som har behov for støtte og rettleiing i omsorg og samspel med barnet utover det ordinære helsestasjonsprogrammet. Utvida helsestasjonsprogram for dei som treng det med jordmor, helsesjukepleiar og familierettleiar.	<b>Helsestasjon</b>
Familierettleiing	Målgruppa er sped og småbarn 0-6 år. Eit utvida lavterskelttilbud ved helsestasjonen utan tilvising. Skal arbeide både på individ og systemnivå, då med utgangspunkt i tidleg intervensjon og i eit familieperspektiv. Familierettleiar er eininga sin kontaktperson for born som pårørande.	<b>Helsestasjon</b>
Tverrfagleg barnehageteam	Tilbyr foreldre og barnehagetilsette eller andre fagtilsette i Vestnes kommune rettleiing og drøfting. Teamet består av familierettleiar, helsesjukepleiar, pp-rådgjevar, repr. frå barnevern, Møte annakvar veke.	<b>Helsestasjon</b>
Tverrfagleg skuleteam	Tilbyr foreldre, tilsette ved skulen, eller andre fagtilsette i Vestnes kommune rettleiing og drøfting. Består av	<b>Helsestasjon</b>

	helsejukepleiar, PHBU, barnevern, pp-rådgjevar. Møte annakvar veke.	
<b>Psykisk helseteam for barn og unge.</b>	Tilbyr samtaleoppfølging og foreldrestøttande rettleiing, der familierettleiar inngår. Føretek kartlegging og utredning med bruk av ulike skåringsverktøy og sjølvrapporteringsverktøy. Tenestetilboda kan omhandle samtaler på kontoret eller i heimen, individuelle eller familien Koordinering og deltaking i individuelle planar og ansvarsgrupper, tverrfaglege tiltak i kommunen, meistringskurs og krisehandtering, Teamet har tverrfagleg kompetanse, og er tilknyttt psykologstilling og barnekoordinator.	<b>Familie og helse</b>
<b>Barnekoordinator</b>	Familier som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, og som vil ha behov for langvarige og sammensatte eller koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester, har rett til barnekoordinator	<b>Familie og helse ?</b>
<b>Psykisk helseteam for vaksne.</b>	Tilbyr tenester til personar med psykiske utfordringar, som er i krisa eller i ein vanskeleg livssituasjon og/eller har rusproblematikk. Utfører kartlegging med bruk av sjølvrapporteringsverktøy. Tenestetilboda kan omhandle samtale og oppfølging på kontor og i heimen, individuelle eller i samarbeid med pårørande, følgje til andre hjelpeinstansar, sosial trening, tverrfagleg samarbeid og koordinering, Teamet har tverrfagleg kompetanse innan psykisk helsearbeid, rusomsorg og arbeid med flyktningar. Kurs i KIB. Lågterskel tilbod	<b>Familie og helse</b>
<b>Myra aktivitet</b>	Tilboden er retta mot dei som har utfordringar i kvardagen relatert til psykisk helse, rus eller andre samansette behov over 18 år. Myra Aktivitetssenter kan vere ein stad for deg på vegen mot arbeid, skule eller annan aktivitet? Myra Aktivitetssenter gir tilbod etter avtale.	<b>Familie og helse</b>
<b>Barn som pårørande 0-18 år</b>	Familierettleiar er kontaktperson og los	<b>Helsestasjon</b>

<b>Støttekontakt/avlasting/ Fritidskontakt og privat avlasting</b>	Helse- og omsorgstenester etter helse- og omsorgstenesteloven blir gitt til familiar som har særleg tyngande omsorgsoppgåver på grunn av barnet sin funksjonsnedsetting. Tenester kan vere avlastning, omsorgsstønad, veiledning og praktisk bistand til tjenester i heimen (BPA). Det må søkjast om å få helse- og omsorgstenester og det er eigne tildelingskriterier for dei ulike tenestene.	<b>Helse og omsorg</b>
<b>Flyktning helseteam</b>	Tverrfagleg samansett med faste møtepunkt.	<b>Helsestasjon</b>
<b>ICDP rettleiing tilpassa EKI og på fleire språk</b>	Flyktningetenesta v/ rettleiarane har fokus på dette	<b>EKI i samarbeid med helsestasjon</b>
<b>COS-P</b>	Individuelt foreldrestøttande rettleiingskurs basert på forsking om relasjonen mellom foreldre og barn. Kurset blir gjennomført med 8 samlingar og trygg tilknyting mellom foreldre og barn er gjennomgangstema.	<b>Helsestasjon</b>
<b>Leksehjelp for flyktningar</b>	Det er lagt til rette for leksehjelp for mellomsteget ved Barneskulane. Her er det fokus på å bruke språkassistentar når det er behov i klassane.	<b>Oppvekst/EKI</b>
<b>Leksehjelp grunnskule</b>	Det er lagt til rette for leksehjelp for mellomsteget ved Barneskulane.	<b>Barneskulane</b>
<b>Interkommunal barnevernsamarbeid inkl. barnevernvakt</b>	Barneverntenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Aukra og Vestnes kommunar, med Molde som vertskommune. Barnevernet skal sikre at barn som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, får rett hjelp til rett tid. Vidare skal tenesta bidra til at barn får trygge oppvekstsvilkår.	<b>Barneverntenesta</b>
<b>Krisesenteret i Molde</b>	Krisesenteret i Molde arbeidar mot vald i nære relasjoner, og har eit familieperspektiv. Dei samarbeidar tett med andre tenester for å bidra til at alle berørte parter får eit godt hjelpetilbod.	<b>Krisesenteret i Molde IKS</b>
<b>RVTS</b>	Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging, RVTS Midt, er ein samarbedspart på helse og omsorgstenesta i kommunane. Tilbyr hjelp til valds-og kriseramma. RVTS tilbyr rettleiing, konsultasjon, undervisning,kurs , konferansar og bidreg til kompetanseutvikling gjennom forsking og fagutvikling	<b>RVTS</b>
<b>Fastlege</b>	Tilbyr støttesamtalar/kognitiv terapi utifrå erfaring og kompetanse for å førebygge tilvising vidare.	<b>Legesenteret.</b>

**Nødvendig for den enkelte: indikert førebygging, utredning og vedtak (raudt nivå):** Indikert førebygging er tiltak retta mot personar med høg risiko eller klare teikn på problem. Tiltak på lågare nivå skal være prøvd ut over noko tid før ein iverksett tiltak på dette nivået. Det skal vere eit gjennomgåande mål at ein jobbar intenst for å unngå at barn, ungdom og foreldre treng tiltak på raudt nivå. Behovet for godt tverrfagleg samarbeid og koordinering auka dess høgare nivå ein kjem på. Dømer på tiltak er tilvising til/oppfølging av barnevernet, individuell oppfølging i avdeling for psykisk helse og rus og/eller ergo- og fysioterapistenesten, koordinator og individuell plan.

Tiltak	Beskriving/Målgruppe	Ansvarleg
<b>Psykisk helseteam for barn og unge: Ansvarsgrupper/tverrfagleg samarbeid med koordinatoroppgåver</b>	For barn og unge med alvorlege og langvarige utfordringar/lidningar, med behov for utredning og tverrfagleg samarbeid. Målgruppe etter skisserte forløp i Helsedirektoratet sin rettleiar “sammen om mestring”	<b>Familie og helse</b>
<b>Fastlege</b>	Ved mistanke om at eit barn eller ungdom er utsatt for vald, overgrep eller omsorgssvikt, har fastlegen plikt til å iverksette sikringstiltak. Fastlegen må også vurdere om det er behov for vidare henvising.	<b>Legesenteret</b>
<b>Individuell plan</b>	Barn og unge som har behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstjenester, har rett til å få utarbeidet en individuell plan. Ein har også rett til å få ein eigen koordinator som leiar planarbeidet.	<b>Helse og omsorg</b>
<b>Tiltak frå barnevernet</b>	Målgruppa til barneverntenesta blir spissa mot kjernebarnevern og dei aller mest sårbare familiene krev særleg kompetanse og spesialiserte tiltak inn mot målgruppa. Møglegheit for å tilpasse tiltaka ut frå behovet til familien for kompetanse og tett oppfølging er eit viktig element i dette, for at ein skal nå målet om at færre barn må flyttast ut av heimen. Når barn må flyttast ut av heimen for periodar er det særleg viktig å kunne gi bistand til familien som kan bidra til gjenforeining innan kort tid. Oppfølging og rettleiing av dei mellombelse heimane/fosterheimane er viktig for å sikra godt samarbeid, god oppfølging og unngå brot.	<b>Barnevernet</b>

<b>Psykisk helseteam og NAV etablert samarbeidsavtale for RPO pasientar</b>	<p>Det er utarbeida samarbeidsavtale mellom NAV og Familie og helse knytt til ROP pasientar. Formålet med avtalen er å blant anna sikre:</p> <p>Personer med rus/og eller psykiske lidinger skal motta heilskaplege, tilgjengelege og fleksible tenester.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kome tidlegst mogleg inn ved gjeldende felles brukere (rett hjelp til rett tid).</li> <li>• Tilby koordinerte tenester innan psykisk helse, rus og NAV.</li> <li>• Samarbeid for å få brukar i arbeid/aktivitet snarast mogleg,</li> <li>• Tilrettelegge for gode og trygge overganger overfor felles brukere for å fremje helse, meistring i arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet.</li> <li>• Sikre basale behov som økonomi og bustad for utsatte brukere</li> <li>• Bidra til at utsatte barn og unge og deira familiær får eit heilskapleg og samordna tenestetilbod</li> </ul>	<b>NAV/ Familie og helse</b>
<b>Myra aktivitetssenter</b>	For personar med utfordringar innan psykisk helse og rus	<b>Familie og helse</b>
<b>Kjøp av skuleplassar og internatplassar ved Tøndergår skule</b>	Ved vurdert behov, vil det vere mogleg å kjøpe undervisningstenester utanfor kommunen. Tøndergård skule og ressurssenter er ein interkommunal skule for barn og unge med samansette lærevanskår i alderen 6 til 21 år. Skulen har internat-tilbod og tek imot elevar frå heile Møre og Romsdal fylke.	<b>Oppvekst</b>
<b>Kommunal alternativ opplæringsarena «Tuentun»</b>	Tuentun er Vestnes kommune sin eigne alternative opplæringsarena. Etter søknad frå skulane vil eit inntaksteam vurdere om dette kan vere eit rett tilbod for eleven det er søkt plass for.	<b>Oppvekst</b>
<b>FACT-Team</b>	Vestnes kommune kjøper teneste med spesialisthelsetenesta	<b>Familie og helse</b>
<b>Samarbeid med NOK</b>	Trerrfagleg lavterskel tilbod til utsatte for seksuelle overgrep og deira pårørande.	<b>Familie og helse</b>
<b>Deltaking i radikaliseringsnettverk.</b>	<p>Førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme</p> <p>Vestnes kommune deltek i Møre og Romsdal sitt nettverk i høve arbeid med radikalisering og voldelig ekstremisme I</p>	<b>Flykningetenesta/ Familie og helse</b>

	<p>vestnes kommune har fleire tilsette gjennomført RVTS si mentoropplæring i radikalisering og valdeleg ekstremisme. Formålet er å fange, forebygge, avdekke personar som:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• står i fare for å gå inn i en radikaliseringsprosess</li><li>• har vært eller er en del av ekstremistiske nettverk</li><li>• har returnert fra irregulær krigføring i konfliktområder</li><li>• er barn av fremmedkrigere</li><li>• samt disse gruppene sine pårørende og utvidede familienettverk</li></ul>	
--	---	--